



DEN NORSKE KYRKJA

Eid Kyrkjelege Fellesråd

NOTTATT,

30 AUG 2013

Kulturdepartementet
Postboks 8030, Dep

0030 Oslo

«DET LIVSSYNSÅPNE SAMFUNN» - HØYRINGSSVAR/FRÅSEGN

Eid kyrkjelege fellesråd viser til NOU 2013: 1 «Det livssynsåpne samfunn» som departementet har sendt ut til høyring. Dokumentet er svært omfattande og dette kan utilsikta avgrense moglegheitene for mange til å sette seg grundig nok inn i innhaldet. For å gjere dokumentet meir «allment tilgjengeleg» burde det derfor vore korta betydeleg ned. Eid kyrkjelege fellesråd har gått igjennom dokumentet og vil gje følgjande fråsegn:

Grunnleggande

Eid kyrkjelege fellesråd er særst nøgde med at Stålsett-utvalet i utgreiinga nyttar omgrepet «eit livssynsåpent samfunn» som ideal for offentleg politikk og dermed går bort frå uttrykket «livssynsnøytralt» som var nytta tidlegare. Gjennom dette signaliserer ein at ein anerkjenner tru og livssyn som ein integrert og sjølvstøtt del av livet. Men det hadde vore naturleg og sakleg om ein nytta omgrepet: "*et religions- og livssynsåpent samfunn.*" Eit slikt omgrep er meir dekkande enn berre livssyn åleine. Utgreiinga brukar livssyn som ein overordna kategori. Det kan vere ein medverkande grunn til at religion blir forstått som eit slags livssyn. ("*det et menneske mener om de største spørsmålene i livet*") og «å ha oppfatninger om menneskets plass i tilværelsen og en holdning til sentrale etiske spørsmål" s. 85). Religion blir slik redusert til noko kunnskapsmessig og til aktivitetar. Men religion er meir. Det er ein samansett og mangfaldig kultur, uttalt og uuttalt, ritar og praksisar, tradisjonar, opplevingar, haldningar, sanselige erfaringar, kjensler, normgrunnlag, verdssystem, som gir individuell og kollektiv identitet. Særleg i ei stor folkekyrkje vil svært mange medlemmer vise seg å vere ute av stand til å uttrykke si tru som kunnskap og aktivitet, men reknar seg som sjølvstøtt heimhøyrande i kyrkja, og det er utenkjeleg å vere noko anna.

Med nemninga "*et religions- og livssynsåpent samfunn.*" ville ein få tydeleggjort ei meir sakssvarande forståing av religion, og vere meir i samsvar med allmenn og internasjonal språkføring ("*freedom of religion or belief.*")

Utvalet framhevar 8 prinsipp for ein menneskerettsbasert, aktivt støttande og ikkje-diskriminerande trus- og livssynspolitik, som gir grunnlag for eit fellesskap der alle kan uttrykke tru- og livssyn, og møte andre trus- og livssynsuttrykk i det offentlege rom. Men dette er ikkje alt i ein heilskapleg trus- og livssynspolitik. I tillegg må ein ta omsyn til

internasjonale urfolkskonvensjonar, landsdekkande nærver (som Den norske kyrkja), oppslutning som majoritetstrussamfunn og breidde i kompetanse, og ein må ta omsyn til historia, kulturarven og den kulturelle samanhengen. Som eksempel på dette nemner vi at Kyrkja/presten si rolle ved kriseberedskap og dødsbod, samt som del av førstelinjetenesta, må vidareførast som i dag.

Lik behandling av trus- og livssynssamfunn

Eid Kyrkjelege Fellesråd er glade for at utvalet understrekar at staten skal føre ein aktivt støttande trus- og livssynspolitik.

I nokre samanhengar vektlegg utvalet likevel omsynet til likebehandling på ein slik måte at det unødige avgrensar allereide innarbeidde og verdsette ordningar, t.d. for Den norske kyrkja. Å ta frå nokon retten til å utføre tenester fordi ikkje andre er i stand til å utføre det same, er i seg sjølv avgrensande for retten til fritt trus- og livssyn – og i seg sjølv klart urimeleg. Det ville vere det same som å seie at dersom ein båt med 50 personar kantrar så skal 49 la seg drukne fordi 1 ikkje kan å symje!

Fellesrådet vil understreke at ynskje om likeverdig behandling av ulike tru og livssyn heller bør tilrettelegge for auka trus- og livssynsnærver for alle trus- og livssynssamfunn – framfor å innskrenke eksisterande ordningar.

Som følgje av dette meiner vi at ordningane med institusjons- og forsvarsprestetenesta må vidareførast – og heller kunne utvidast til også å omfatte tilbod for dei som har tilknytning til andre trus- og livssyn – i staden for å avgrense noverande ordningar i regi av Den norske kyrkja.

Prinsippet om likeverdig handsaming av alle trussamfunn må heller ikkje vere til hinder for at det offentlege kan ha særskilde ordningar og tiltak for kyrkjebygg med kulturminneverdiar då desse er ein viktig del av vår felles kulturarv.

Område der utvalet går ut over det gjevne mandatet

Eid Kyrkjelege Fellesråd meiner at fleirtalet i utvalet går ut over det gjevne mandatet ved å føreslå endringar i Grunnlov og Opplæringslov. Med unntak av gravferdsforvaltninga fekk utvalet som oppdrag å legge kyrkjeforliket i Stortinget til grunn for arbeidet sitt. Trass i dette fremjar fleirtalet forslag om å endre Grunnlova slik at omtalen av Den norske kyrkja vert teken ut av §16, samt at tilvisinga til vår kristne og humanistiske arv og tradisjon vert teken ut av §2. Vidare fremjar fleirtalet også forslag om å ta verditilknytninga til kristen og humanistisk arv ut av føremålsparagrafen til Opplæringslova. Grunngevinga for dette frå fleirtalet i utvalet er at verdigrunnet i samfunnet ikkje bør koplest til ein bestemt religion eller eit bestemt livssyn.

Sett i lys av Kyrkja si sentrale rolle både gjennom historia og i dagens samfunn, samt at det er politisk semje om dei noverande formuleringane, vil fellesrådet sterkt frårå at desse forslaga vert vidareførte. Vi gjev her vår tilslutning til mindretallet i utvalet – og er sterkt kritiske til at fleirtalet, uoppfordra og utanfor mandatet, tek til orde for «omkamp» om dette!

Vigselsmynde

Stålsett-utvalet omtalar vigsel både som ei offentlegrettsleg handling med sivilrettslege konsekvensar samstundes som det vert beskrive som ein sentral livsfaseovergang som det er knytt mange, og lange, tradisjonar og rituale til. Det er i denne samanhengen ein svakheit at

ein i utgreiinga ikkje vurderer samanhengen mellom den rituelle og den offentlegrettslege betydninga av vigsel i regi av trus- og livssynssamfunn.

Desse spørsmåla vart derimot drøfta av ekteskapslov-utvalet i 1986 (NOU 1986:2:60) som m.a. skriv slik: «*Det må legges til grunn at det i dag – som i 1918 – er et utbredt ønske blant folk flest om å få beholde adgangen til kirkelig vigsel, og ikkje bli påført den dobbelte handlingen som tvungen borgerlig vigsel vil innebære for dem som vil ha en kirkelig høytidelighet i tillegg til den lovbestemte fremgangsmåte.*»

Utvalet sitt fleirtal legg einsidig vekt på den offentlegrettslege betydninga av vigselshandlinga. I ei utgreiing som omhandlar trus- og livssynspolitikken i samfunnet vårt må dette seiast å vere ei stor svakheit. Ein lovnad gjeven til eit anna menneske i fellesskap med andre og i tru på Guds nærver har ofte minst like stor betydning for den enkelte som lovnaden gjeven overfor ein nøytral offentlig instans. Det vert derfor heilt feil når utvalet beskriv vigselshandling i regi av trus- og livssynssamfunn som ei rein seremoniell handling. Å underkjenne betydninga av vigsel i trus- og livssynssamanheng vert då snarare ei avgrensing av trus- og livssynsfridomen – og står såleis i klar kontrast til hovudbodskapen i utgreiinga: Det livssynsåpne samfunn!

Kyrkjeleg vigsel har lange og sterke tradisjonar i landet vårt. Når så mange framleis vel denne vigselshandlinga er dette eit prov på at kyrkjeleg vigsel er rotfesta i folket – og vi meiner det skal svært sterke argument til for å endre dette. Argumenta som utvalet sitt fleirtal fører til torgs er ikkje tungtvegande nok for å avvikle ordninga med vigsel i regi av trus- og livssynssamfunn. Difor bør denne ordninga vidareførast som i dag.

Gravferdsforvaltninga

Gravferdsforvaltninga er i dagens gravferdslov lagt til kyrkjelege fellelråd i Den norske kyrkja. I utgreiinga frå Stålsett-utvalet framkjem det ingen kritikk mot Kyrkja for evt. å ha misbrukt dette myndet mot dei som har annan tru eller livssyn. Tvert i mot stadfester utgreiinga at Kyrkja har ivareteke ansvaret, og utført oppgåvene, på ein god måte – også for dei som har ei anna tru eller livssyn. Likevel konkluderer utvalet med at myndet må overførast til kommunane – av prinsipielle grunnar. Utvalet legg såleis til grunn at livssynsmessig forankring er eit hinder i møte med livssynsmangfald, utan at utvalet grunnjev dette nærare. Det verkar som om utvalet er meir opptekne av kven som utfører gravferdsarbeidet enn kva gravferdstilbod innbygjarane skal ha.

Den Norske Kyrkja har forvalta denne oppgåva i fleire hundrede år, og var den fyrste som var til stades med ei form for «offentleg» mynde når familiane overlet meir av ansvaret for gravlegging av døde til andre. Kyrkja forvaltar dette ansvaret som samfunnsaktør – og ikkje som trussamfunn. Dei tilsette i gravferdsforvaltninga er derfor også unntekne frå kravet om at tilsette hos fellelråda skal vere medlemmer i Den norske kyrkja.

Den Norske Kyrkja har utvikla eit godt samarbeid mellom forvaltninga og ulike trus- og livssynssamfunn. Vi vil i denne samanhengen hevde at Kyrkja har vore både open og inkluderande og vist vilje og evne til toleranse og livssynsnøytralitet. Praksis viser at tenestene er utvikla på ein slik måte at «når tru møter tru» så har dette skapt dialog og gjensidig respekt framfor spenning og konflikt. Dette meiner vi er å vere trus- og livssynsopen i praksis!


Vi kjenner oss heller ikkje att i utvalet sin påstand om at fellelråda kan få problem med å vere pådrivar mot kommunane for å få dei til å byggje ut tilbod for alle livssyn, samt at «*kravet om å frigjøre seg frå eget trosgrunnlag ved utførelsen av et samfunnsoppdrag som gravferdsforvaltning kan vere vanskelig å etterleve*». Tvert om har tilknytinga til Den norske kyrkja gjort fellelråda meir merksam på kravet om like rettar og likeverdig behandling i eit samfunn med livssynsmangfald enn det ein formelt nøytral institusjon vil vere. Ved å følgje utvalet si tilråding trur vi sjansane vert større for at alle får eit likt gravferdstilbod i staden for eit likeverdig tilbod!

Vi trur heller ikkje det vil vere lettare for ein kommunal etat å målbere kravet om tilbod for alle enn det er for fellelrådet med Den norske kyrkja i «ryggen»!

Vi tilrår derfor sterkt at gravferdsforvaltninga også i framtida vert lagt til dei kyrkjelege fellelråda i Den norske kyrkja. Dette er også i samsvar med den allmene kulturelle haldninga i samfunnet – som er synleggjort t.d. i departemenntet si tilråding i St.meld. nr. 17 (2007-2008).

Nordfjordeid, 28.august 2013

Eid kyrkjelege fellelråd



Oddvar Os
-leiar-



Kristen Hundeide
-kyrkjeverje-